

M1

s dagbok frå Jotunheim leirskule



Mandag 9.sept

Heile klassen møtte opp på skulen, der vi tok bussen kl 09.00. Eg hoppa inn i bussen og kapra baksete med M1 og M2. Vi hadde lov og høyre på musikk, og vegen gjekk raskt til S1 og S2. Etter ca seks timar med buss var vi endeleg framme. På Jotunheim leirskule vart vi teken godt imot av ei dame som heitte Bjørg, ho var ein av leiarane på leirskulen. Vi fekk vite kven som skulle ha rom ilag. I OL-bygget, som dei kalla det for, begynte vi med å ta på laken og dynetrekk. Eg låg på rom med M4, M3, M5 og M2.

Etterpå skulle vi inn i eit møterom der vi fekk informasjon om mange ting, og kva vi skulle gjere på om kveldane. Så åt vi middag i matsalen, og gjekk ein liten tur. Då vi kom tilbake hadde vi elevkveld og diskotek.

Tysdag 10.sept

Lærarane vekke oss kl 08.00 for då skulle vi gjere oss klar til grottevandring. Vi fekk på oss kleda, og gjekk til matsalen for å ete frukost, og lag oss niste til turen, for vi skulle vere vekke til kl 17.00.



Etter frukost pakka vi raskt klede og tursekk, for to bussar sto ute og venta på oss, vi skulle ta buss ilag med N1, for N2 skule var so mange at dei hadde A og B klassar. Då vi kom til Bøverdalen, delte Knut oss i grupper, to grupper skulle ha grottevandring og ei skulle ha friaktivitet. Det var gøy i grottene, men det var veldig mørkt

der nede, så vi måtte ha på oss hovudlykt. Det var ei grotte som var 70 meter land, og ei på 60 meter lang. Den lengste var så stor at vi kunne gå oppreist, men det var mange svære hol og sprekker i fjellet, så leiarane måtte stå på farlege plassar å informere om at vi måtte gå forsiktige, for i hola var det vatten, eller små bekkar.

Den minste grotta var ikkje skummel! Nokre stader kunne vi stå oppreist, men ikkje alle plassar, då måtte vi krype som ein slange langs bakken. Vi gjekk to gangar gjennom den, og på den siste turen skulle vi krype utan lykt, då såg vi ingen ting før vi vente oss til mørket, og såg berre eit lite glimt av dagslyset i den tronge utgangen i grotta.

Då vi var ferdige gjekk vi ned til bussane og kjørte til Jotunheimen igjen. Den dagen hadde vi potetestapp til middag. Etter det tok alle ein god dusj, for N3 skulle ha elevkveld og diskotek. Kl 22.00 skulle alle vere i seng og kl 22.30 skulle det vers stille.

Onsdag 11.sept

Dagen for det store høgdepunktet; Galdhøpiggen opp! Vi blei vekt kl 07.00, for kl 08.30 skulle vi ta buss til Juvannshytta, og starte å gå på Galdhøpiggen derifrå. Vi måtte ha ekstra stor niste, for vi skulle være vekke heile dagen.




Etter vi hadde pakka og gjort ferdig tursekken skulle alle møte opp på parkeringsplassen å få informasjon om turen. Vi fikk med oss selar som vi skulle bruke til å gå over isbreen. Vi gjekk ca 2 timar før vi kom til breen, der hadde vi ein lang pause så vi kunne få i oss mat og drikke, då la leiarane ut tau så vi skulle gå med

på breen, for det er mange spreke i breen. Etter kvart kunne vi hengsle oss på tauet, så det vart ei lang rekke.

Vi brukte ca 2 timar over breen. Etter breturen gjekk vi litt oppover steinrøysa så vi kunne få plass til tauet. Vi satt oss ned og åt nista og drakk litt, for det var 1 pause før vi var oppe. I det flotte solskinet kunne vi sjå toppen veldig godt. Eg gjekk med M3 framfor meg og Ivar bak meg. Vi hadde det veldig kjekt, gjekk å skravla og lo av vitsane vi fortalde. Då vi kom opp på Galdhøpiggen åt vi nistene våre, mens vi nytte den gode utsikta. På toppen tok vi masse bilde av klassen vår. På nedturen gjekk vi i eit temp som var litt fortare en det vi hadde opp.

Torsdag 12.sept

Vi vakna kl 08.00, sto opp, gjorde som vanlig, gjekk og åt frukost og pakka niste. Den dagen skulle vi på bergklatring, då og fekk vi med oss selar som vi skulle ha i sekken. Vi starta frå leiren og gjekk eit stkke i område, på turen hadde vi mange stopp for å høyre og lære om naturen. Då vi kom til bergveggen fekk vi informasjon om korleis vi skulle rappilere. Det var to berg eit lite og eit stort.



Resten av kvelden på leirskulen gjekk fort, vi hadde det kjekt og sosialt. Litt trist at det var siste kvelden saman, men vi var slitne etter ei aktiv og lærerik veke.

Fredag 13.sept

vi vakna kl 08.00 og pakka fort for vi skulle reise etter vi hadde ete frukost. Vi måtte reise tidleg for vi ville komme heim før det blei mørkt. På heimereisa stoppa vi i Stryn for der kunne vi handle snop, mens lærarane handla på Mods of Norway. Då vi kom heim sto alle